



Elevane i 1. klasse fekk mykje merksemd i dag med eigen fest. Her takkar dei med song om faragne på engelsk.

Foreldre, besteforeldre og Skulekameratane var i dag samla saman med elevar og tilsette på Uskedal skule til fest for 1. klassingane. Alle klassane hadde innslag, - song, akrobatikk, diktlesing og spel på ukulele. Innslaget som gjorde mest inntrykk var fadrane frå 5. klasse med sine personlege helsingar til kvar einskild elev i 1. klasse.



2. klassen song Skorsteinsfeiar, songen med dei mange versa. Kontaktlærer Rannveig Fjell Helleland spelar til på gitar.

Festen for 1. klassen er ein del av skulestarten for 6 åringane. Målet er å skapa eit trygt og godt skulemiljø der alle er inkludert og vert tekne vare på. Rekor, Stig Berge Soldal, leia samkoma i Aktivitetshuset. Han var stolt og understreka kor flott og verdfull elevmasse skulen har.



3. klasse sin song handla om naturvern.

Fyrst ut i programmet var 2. klasse med Skorsteinsfeiar, songen med dei mange versa. 3. klassingane var vetter i skogen og songen handla om å ta vare på naturen og miljøet. 4. klassen med Trond Viggo Torgersen sin song Hjalmar og venskap passa godt med tema for markeringa. Å spela Mikkel Rev på Ukulele er ikkje enkelt sjølv om gitaren berre har fire strenger. 6. klasse kom godt frå den oppgåva. 7. klasse ville finna ut kven som var uskedalstalentet. Stunt, akrobatikk, klovnar, balanseøvingar var nokre av innslaga deira.



3 elevar frå 4. klasse framførte saman med klassen Trond Viggo Torgersen sin tekst Hjalmar og venskap.

Høgdepunktet var fadrane i 5. klasse si personlege framføring til 1. klassen. To og to, elevar stod fram med eigne tekstar til kvar namngjeven elev. Tekstane handla om venskap, hjelp og omsorg i skulemiljøet og det å ta vare på kvarandre. Dette var ei sterk og solid framføring for ein fullsett og lydhøyr sal. Det er godt at fadderoppgåva varer i heile tre år.



6. klasse spela på Ukulele, ein gitar med fire strenger.

1. klassen fekk mykje merksemd. Dei kvitterte med ein song om fargane, på engelsk. Timen i hallen gjekk fort. Etterpå var det samling i klassane med god mat.



7. klasse sitt morsame innslag Uskedalstalentet var fylt av stunt, akrobatikk, sykkel og balanseøvingar.
Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



5. klasse har fadderoppgåva i tre år. Her framfører dei personlege tekstar til kvar ein skild 1. klassing, ei sterk oppleving.